



Kvalheim Fritid

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1266 - 16/12426

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

27.09.2016

## Skjenkeløyve for perioden 2016-2020

Kommunestyret gjorde i sak 44/2016, 21. september 2016 vedtak om forlenging av dykkjar skjenkeløyve. Me gjer merksam på at det også i same møtet, vart vedteke ny forskrift for sal og skjenking av alkoholhalding drikk i Radøy kommune. Denne finn de som vedlegg til løyvet.

Vedtak frå kommunestyret:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenkeløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

### **Kvalheim Fritidssenter AS (org. nr. 05056318064)**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld for innandørs lokale på 160 m<sup>2</sup>, og for uteservering på terrasse (140 m<sup>2</sup>).
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Anne-Sophie Lindahl med Pawel Targonski som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja».

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

**Vedlegg:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke vedteken versjon

**Mottakarar:**

Kvalheim Fritid